


MIKA OG TJUVANE
Av Heikki Grohn og Akin Duzakin
Det Norske Samlaget 2007

I den tredje boka om Mika handlar det om ytt og gale og kjenstene inne i magen og hovudet når ein ikkje veit kva ein skal meine om ting.

Faren til Mika jobbar på ein byggeplass. I nærleiken er det nokre gutar som har bygd eit kamibur med materiale dei har stole på byggeplassen. Eller er det steling? Mika veit



Returdresse:
Pirion,
Næringsbedet i
Valdarsdågå,
4235 Hæernes
NOREG

Kveldssong for Blakken

Tekst: Njordvald Røhken

Melodi: Edward Odde



2. vers:
Snart skal Blakken sova,
Ikke meir slit i dag,
Ikke meir sel-ge-gang,
og ikkje meir trøta.

4. vers:
Ser du guten smil,
hørde du det bod han har?
Han skal heisa deg frå far,
I morgon skal du krita.

3. vers:
Foi, foi Blakken
Gar du inn i stulen din,
så kjøn vesle guten inn
og klappar deg på nakken.

5. vers:
Droym om det, du Blakken:
Berre ca, berre så,
kanskje kring på tunet gå
med vesdegut på nakken.

*Kveldssong for Blakken er hentet fra «Songboka til tunkatten»
sjå meir på www.tunkatten.no*

PIRION -kurs

Kva kultur er det me onskjer at barna våre skal lære?

Om kurset

Kulturavisa Pirion tilbyr kurs i kulturformidling for tilsette i barnehage og småskule og elles andre som arbeider med små barn.

Kurset skal vere med å bevisstgjera dei vaksne på kva kultur ein onskjer å formidle og syne korleis den lokale kulturen og historia er eit godt grunnlag for dette.

Korleis skapar me ein kulturbarnehage?

Samstundes blir det praktiske øvingar som dei vaksne kan ta med seg i sitt vidare arbeid. Pirionkurset passer for både små og store grupper. Kurset varer mellom 6 og 8 timar.

Om Pirion

Kunsthaldarane våre har brei erfaring frå folkemusikk, forneljarstudium, kulturskule og kulturliv generelt.

Ole Bruun, Ola Tveiten eller Barbie, kor hentar barna opplevingsar frå?

Vil du tinga kurs eller få meir informasjon, ta kontakt med:

Om kunsthaldarane
Kunsthaldarane våre har brei erfaring frå folkemusikk, forneljarstudium, kulturskule og kulturliv generelt.
Astrid Eichhammer Hjelmealand:
tlf: 52 79 04 84 / 97 19 47 88
(måndag og tysdag mellom 9 og 15)
epost: pirion@norsk-plan.no

PIRION



Tips oss på pirion@norsk-plan.no Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og www.pirion.no

PIRION ER STØTTA AV NORSK KULTURRÅD, FAGFORBUNDET OG LNK. PIRION er/2008, 9. årgangen – ISSN 1502-3936. Utgivar: Stiftinga Pirion. Adresse: Pirion, Næringsbedet i Valdarsdågå, 4235 Hæernes. Tlf: 52 79 04 82, faks 52 79 04 80. Heimeside: www.pirion.no Ansvartsg redaktør: Toynt Tobeck, mobil 98 22 14, no Redaksjon: Astrid Eichhammer Hjelmealand, tlf 52 79 04 84, E-post: pirion@norsk-plan.no Formgjeving: Sallak Design

PIRION

nr. 2 - 2008
- Kulturavis for barnehagar og skular



Dusjar i dialekt


I kyrkjene i Hallingdal har både talemål, tru og teknologi fått plass i spesialbygde hus for born og unge. Lyttedusjane er kyrkja sin kreative måte å vegge opp for at dei som nasjonal institusjon truleg har vore med på å undergrave dialektane.

TEKST OG FOTO: HEIDI MØLSTAD ANDRESEN



Lyttar og lærer. Ungane synest både det er stas å trykke seg fram på skjermen, og går gjerne flere inn saman for å lytte til dei spennande historiene. Imens går dei tekstone vort gjort med tegn av ein lokalt teaterinstruktør.

Ny nærhelt. - Spilv om mange i den yngste generasjonen ikkje pratar halling, får me tildekkemelding på at ungene opplever bibelfortellingane som nærare når dei blir fortalt på dialekt, seier Tonje Røgeberg (42), som er teamleiar for lytteutvalsprosjektet i Hallingdøl Prosti.



Det var nemleg det kyrkjeverje i Ål, Kjellfred Dekko, tenkte at kyrkja burde gjere noko med, etter at han hadde vore på eit mållagsmøte i Valdres og høyrte at Den Norske Kyrkja, med sin hang til dansk og riksmål, opp gjennom historia har vore med på å vatne ut dialektane rundt om i landet.

Trykkteknologi

Tanken vart snart ein del av Ål Kyrkje og Hallingdøl Prosti sitt reformarbeid kring dåpsopplæringa, og i juni 2006 stod resultatet av den kreative prosessen klart: To små trehus på storleik med ei dökkestove, der rastause gudsterneste – og gravferdningar kan høyre bibelfortellingar på kav halling. På veggen i kvar lyttebusj er det installert ein pc-skjerm, der ungene ved å trykke seg fram kan velje mellom seks ulike bibelfortellingar. Fortellingane er henta frå «Bibel for born», der sogene ligg tett opp mot originalhistoriene i Bibelen.

Kjem nærare

- Ungane synest både det er stas å trykke seg fram på skjermen og å ha ein eigen gøyneestad i kyrkja, og går gjerne fleire inn saman. Det krev sjølvsaugt litt oppfølging frå dei vaksne, som må passe på at dei ikkje blir for mange ungar i huset og at maser frå andre om å koma inn ikkje skapar for stor uro. Og sjølv om mange i den yngste generasjonen ikkje pratar halling til dagleg, får me som prestar tilbakemelding på at ungene opplever bibelfortellingane som nærare når dei blir fortalt på dialekt, seier Tonje Røgeberg (42), som er undervisningsprest og teamleiar for dåpsopplæringsarbeidet i Hallingdøl Prosti.

Lokale stemmer

Under utviklinga av lyttebusane fekk kyrkja hjelp av Ål- og Torpo Mållag til å finne personar som var gode representantar for ålingsdialekta og aktuelle opplesarar: Margit Myhr, Bjørg Gudbrandsgard og Kjellfred Dekko tok utfordringa med å omarbeida fortellingane til halling, og det er dei tre stemmer som no tek ungene med inn i dei gamle sogene. Collingsstema Miriam Toilsdatter Harbo har dekorert begge lyttebusane, som går på omgang i dei seks hallingdølskommunane. Totalt har dusjane kosta kring 120.000 kroner. Delar av dette er sponna av dei lokale mållaget, som har ambisjonar om å nytte dei imleane sogene i sitt eige dialektprosjekt «Levande språk».



Fablar i farger. Miriam Toilsdatter Harbo har dekorert begge lyttebusane med store jager og bløemotiv. Dusjane går på omgang i dei seks hallingdølskommunane, og står to månader i kvar kommune.

Kortvoksen he. Som oftast står yttedalsen i utopenhuset, og nyskapinga er populær blant dei minste. Det litt oppfølging frå dei vaksne, som må passe på maser frå andre om å koma inn ikkje skapar for stor uro.

FAKTA

I Stortingsmelding nr. 7 2002/2003 løyde Stortinget midlar til ei landsdekkjande reformering av dåps- og tusopplærning. Det meste av dette arbeidet vil skje i Den Norske Kyrkja. Hallingdøl Prosti ved Ål kommune var av dei 164 kyrkelydane som fekk midlar i 2004, og då for ei prosjektperiode på fem år. Sidan 2004, har det årlig kome til nye prosjekt. Det er no om lag 500 kyrkelydar rundt om i landet som driv med fornyningsarbeid.

Prosjekta spennar frå eit særskilt tema, til prosjekt med fokus på eit einsskild årstrinn og Hallingdøl Prosti sitt fullskalaprojekt for born og unge frå 0-18 år. Lyttebusen er ein liten del av prostiet sitt reformarbeid, som mellom anna inkluderer dåpskule for seksåringar, 4-årsbok og kyrkeamlingar for alle ungene i høl. Ål, Gol, Hemsedal, Nes og Flå. I tillegg er det babysong, aktivitetdagar i kyrkja, kyrklevernning og bibelpizza-kveldar, somme av kyrkelydane i prostiet. Prosjektet har også gjeve ut ein cd med musikalske kveldsberar, under tittelen «God natt, Hallingdøl». Hallingdøl Prosti kyrkje mottok årlig i 7 millionar kroner til prosjektarbeidet.